



## 1 TERTIAL 2018



Framlegg i frå rådmannen mai 2018



# Innholdsliste

Økonomisk oversyn .....	4
Skatt og finans .....	9
Investeringar.....	12
Plasseringar .....	13
Tilsyn.....	14
Avvik .....	15
Sjukemeldingar/Arbeidsmiljø .....	16

# Økonomisk oversyn

Einingane (inkludert politikk og rådmannskapettelet)

Einingar med avvik under 2% av budsjettet vert ikkje kommenterte særskilt.

Einingar	Oppr. budsj.	Reg. budsj.	Rekneskap	Avvik Regulert budsj. -rekneskap	Avvik Regulert budsj. -rekneskap
				Kroner	%
<b>Form.sk/K-styre</b>	1 781	1 781	1 372	409	23,0
<b>Levekår</b>	148	148	1	147	99,3
<b>LMT</b>	183	183	12	171	93,4
<b>Rådmannen</b>	22 966	22 263	20 748	1 515	6,8
<b>Herav avs. lønsauke</b>					
<b>OPPVEKST</b>	35 153	37 024	36 772	252	0,7
<b>Overordna oppvekst</b>	2 143	2 234	2 336	-102	-4,6
<b>Indre Ryfylke PPT</b>	1 105	1 907	1 859	47	2,5
<b>Stølane barnehage</b>	1 361	1 272	1 112	160	12,6
<b>Kjølvikstølen barnehage</b>	947	1 010	943	68	6,7
<b>Vinjar barnehage</b>	2 651	2 633	2 649	-16	-0,6
<b>Sand barnehage</b>	3 935	3 856	3 817	39	1,0
<b>Erfjord skule</b>	2 198	2 194	2 092	103	4,7
<b>Marvik skule</b>	1 318	1 319	1 200	119	9,0
<b>Sand skule</b>	9 699	9 812	9 953	-141	-1,4
<b>Vinjar skule</b>	3 814	3 809	3 835	-26	-0,7
<b>Jelsa oppvekstsenter</b>	1 832	1 834	1 824	10	0,5
<b>Nesflaten oppvekstsenter</b>	2 265	2 264	2 160	104	4,6
<b>Vanvik oppvekstsenter</b>	1 260	1 264	1 307	-43	-3,4
<b>Gullingen leirskule</b>	436	17	-281	298	
<b>Introsenteret i Suldal</b>	189	1 599	1 967	-368	-23,0
<b>HELSE OG OMSORG</b>	49 187	48 507	47 696	811	
<b>Overordna helse/oms.</b>	1 357	1 671	1 221	450	26,9
<b>NAV</b>	2 019	2 019	2 054	-35	-1,7
<b>Barnevern</b>	3 097	0	-167	167	
<b>Sjukeheimen</b>	14 287	14 342	14 225	117	0,8
<b>Helse</b>	6 668	6 850	7 428	-578	-8,4
<b>Sand og Jelsa bu- og omsorgssenter</b>	9 924	9 927	9 507	420	4,2
<b>Vinjar bu- og omsorgssenter</b>	5 017	4 970	4 952	18	0,4
<b>Suldal bu- og aktivitetstilbod</b>	6 818	8 728	8 476	252	2,9
<b>BY, TEKNISK DRIFT, KULTUR</b>	19 693	22 288	25 054	-2 766	-12,4
<b>Overordna BY,TD og kultur</b>	-280	-280	0	-280	
<b>Bygdeutvikling</b>	2 935	2 935	2 364	571	19,5
<b>Kultur</b>	6 425	6 425	4 868	1 557	24,2
<b>Teknisk drift</b>	10 613	13 208	17 822	-4 614	-34,9
<b>SAMLA SUM</b>	<b>129 111</b>	<b>132 194</b>	<b>131 655</b>	<b>539</b>	<b>0,4</b>

Tabellen er inkl. bruk og avsetjing til fond innanfor tenestene.

## Innsparing stillingar i 2018

Område	Start sparing	Vedteke sparing prosent	Spara prosent	Kommentarar
Rådmann				
	30.04.2018	100		
		<b>100</b>	<b>0</b>	
Oppvekst				
	01.01.2018	100	100	
	31.08.2018	200		
	31.12.2018	100		
		<b>400</b>	<b>100</b>	
Helse og omsorg				
	01.01.2018	50	40	40%st. utgjer i kroner 50%st.
	30.04.2018	200	170	
Spara i kroner				30% stilling i tidsrommet
	31.12.2018	50		
		<b>300</b>	<b>210</b>	
Teknisk drift/BY/Kultur				
	01.01.2018	100		
	31.08.2018	100		
	31.12.2018	50		
		<b>250</b>	<b>0</b>	
<b>SAMLA</b>		<b>1050</b>	<b>310</b>	

### Felles

Det er fleire sjukemeldingar / fødselspermisjonar i 2018 der kommunen berre får refundert 6 gonger grunnbeløpet frå NAV og våre lønsutgifter er høgare. Grunnbeløpet er pr. april kr. 93 634 dvs. refusjon kr. 561 804 pr. stilling pr. år. Samla utgjer differansen mellom einingane sine lønsutgifter og refusjonen frå NAV for 2018 kr. 665 000.

Auka tal barnehageplassar frå hausten av. I rapporten går det tydeleg fram at det er auke i talet på barnehageplassar frå hausten av. Frå august er det 290 snittplassar, ei auke på 16 frå august i fjor og ei auke på over 30 snittplassar frå 2016. Normalen har vore at det er ein vaksen for kvar 6. plass.

### Politisk

Overskottet skuldast i hovudsak:

- \* ikkje utbetalte honorar
- \* Ikkje utbetalt partistøtte
- \* Unytta reservepostar

Dette vil jamna seg ut over året

### Rådmannen

Det er i budsjettet vedteke sparing av 100% stilling i administrasjonen pr. 30.04.18, denne sparinga er ikkje gjennomført.

Mykje av næringstilskota knytt til konsesjonsavgiftene er utbetalt, medan budsjettet er fordelt ut på heile året. Dette gjer at ein har noko meir midlar att enn kva som kjem fram av rapporten.

Utdanningsmidlar (AMU-midlar) er ikkje regulert pr. 1. tertial. Det manglar budsjettregulering av lærlingemidlar til einingane for mars og april.

Det er midlar att innan IT, det er ein kombinasjon av driftsutgifter til ikkje realiserte investeringsprosjekt for året, samt midlar til vedlikehaldsavgifter på utstyr som er nyare enn 3 år.

## **NAV**

Eininga har eit underskot. Dette grunna kjøp av tenester frå Rysteg, jfr. aktivitetsplikta for ungdom under 30 år, desse vert i tertialrapporten føreslegne tilført eininga.

## **Oppvekst overordna**

Eininga har eit underskot. Manglar statleg tilskot frå "Kompetanse for kvalitet". Me forskotterer lønsmildar til dei som tek utdanning, og får tilskotet i juni. I tillegg er det budsjettert med refusjon frå kommune. Her er det ikkje sendt faktura ennå.

## **Stølane barnehage**

Eininga har overskot. Det er nytta mindre løn enn budsjettert og brukarbetaling

## **Nesflaten oppvekstsenter**

Eininga har overskot. Dette kjem av SFO inntekter som ikkje er rekna med i budsjett, byte av folk i stillingar frigjer noko lønsmildar, samt ein planlagd sparingsbuffer frå einingsleiar. Overskotet nyttast til naudsynnte oppgraderingar av utstyr, samt diverse materiell til både skulen og barnehage.

## **Marvik skule**

Eininga har overskott. Det er nytta mindre lønsmildar enn budsjettert. Dette fordi ein ikkje har tatt inn vikar i alt fråvær. Har ikkje nytta alt refusjons av fødselspengar.

## **Sand skule**

Eininga har eit underskot. Underskotet gjeld overforbruk løn. Eininga har søkt om lønnsrefusjon i frå statleg hald for deler av beløpet.

## **Gullingen leirskule**

Eininga har eit overskot. Dette kjem av at refusjon frå kommunar og brukarskular er høgare enn budsjettert. Denne posten er vanskeleg å berekne, sidan refusjonssatsen ikkje blir kjent før inneverande kalenderår.

## **Introsenteret i Suldal**

Eininga har eit underskot. Dette skuldast at ein ikkje har motteke statstilskot vaksenopplæring. Ein har motteke melding om at statstilskot vaksenopplæringa ikkje kjem til utbetaling før etter ferien, grunna omleggingar/nye datasystem. Det er på rapporteringstidspunktet ikkje noko som tydar på at dei 5 nye flyktningane som det er budsjettert for vil koma i 2018, noko som vil påverka økonomien i tenesta. Dette kjem ein attende til i andre tertial.

## **Felles utgifter helse og omsorg**

Eininga har eit overskot. Dette er grunna mindre bruk enn budsjettert på støttekontakt, sysselsetting og omsorgsløn. Dette vil jamna seg ut utover året.

## **Helse**

Eininga her eit underskot. Dette kjem av at om lag kr. 400 000 i refusjon Helfo og bruk av fond med om lag kr. 180 000 ikkje er rekneskapsført endå. Det er i tillegg manglande refusjon sjuke- og fødselspengar, då Helse berre får refundert inntil 6G frå NAV. Pr. 1. tertial er eininga innanfor budsjettet.

## **Suldal bu- og aktivitetstilbod**

Eininga har eit overskot. Dette kjem i hovudsak frå ubrukte lønsmildar og meirinntekt på husleige. Det er sett i gong nytt tiltak i den «stengde» leilegheita. Denne vart stengd då ein hadde mindre tal brukarar, og personalressurs og refusjon ressurskrevjande brukarar vert redusert tilsvarande. At ein nå har behov for å opne leilegheita gjer at ein også har nye behov når det gjeld personalressurs. Det nye tiltaket har behov for 2,6 stilling. Desse vert føreslått i 1. tertialrapport.

## **Barnevern**

Barnevern får ein nytt tiltak frå mai 2018, dette gjeld kjøp av plass i barnevernsinstitusjon. Kostnad for resten av 2018 kr. 1 200 000. Dette vil også få budsjettkonsekvensar for 2019.

## Fellesutgifter BY, Teknisk drift og kultur

Innsparinga er ikkje gjennomført pr. 1. tertial.

### Bygdeutvikling

Eininga har eit overskot. Det er motteke refusjon for veterinærvakter for heile året, dette vil jamna seg ut. Kommunen har i 2017 motteke midlar knytt til arbeidet i Ryfylke vassområde. Ein unytta sum på vel kr. 100 000 skulle vore sett av som fond. Det vart ikkje gjort. Bruk av denne summen kan påverke resultatet i år.

### Kultur

Eininga har eit overskot. Ingen uforklarlege avvik. Overskota ligg der overskota skal liggja, m a Suldal bad, bygdebøker og spelemidlar. Underskota ligg der inntektene ikkje er periodisert, m a idrettshallane. Kulturhus med bowling har også underskot, og dette blir følgt opp kontinuerleg.

### Teknisk drift

Eininga har eit underskot. Dette kan forklarast med store utgifter knytt til driftsprosjekt, som ikkje vert budsjettregulert før seinare (unytta fondsmidlar, driftsprosjekt).

Hålandsosen kai	kr. 1 500 000
Meieriet	kr. 2 540 000
Kyrkjetak Sand	kr. 42 000
Småbåthamn Erøy	kr. 254 000

Korrigerer ein for dette gir det eit avvik på kr. 91 000 i forhold til budsjett

Budsjettet for brøyting 2018 er brukt opp. Det betyr at det ikkje ligg inne budsjettmidlar til brøyting i november/desember. Me vil vurdere å redusere midlane som er avsett til asfaltering for å kompensere for dette.

### Kort oppsummert, sjølv drifta

Etter 1. tertial ser det ut til at alle einingane med unnatak av barnevern ved årsslutt vil koma ut med eit positivt resultat. Det er god budsjett disiplin og oppfølging i einingane.

Auken i inntekter i forhold til budsjettet gir rom for å ordna opp i nokre utfordringar enkelteininga har, samt å tilføra midlar til å utføra oppgåver som har eingongspreg. Tre av tiltaka skuldast auke i behov, og desse kan/vil få budsjettkonsekvensar for neste år. Det er viktig for rådmannen å signalisera at det berre er desse tre budsjettendringane på utgiftssida som skal ha verknad på 2019-budsjettet. Reglane for refusjonar frå folketrygda til svangerskapspermisjonar, pappapermisjonar og langtidssjukemeldingar har ei øvre grense på 6G (562.000 kroner) Beløp utover dette får ikkje kommunen refusjon for. Dette slår no ut for to av einingane våre. Det blir foreslått å setja av kr. 665 000 for å gjera det enklare for desse einingane å halda budsjettet.

Auka tal barnehageplassar frå hausten av. I rapporten går det tydeleg fram at det er kraftig auke i talet på barnehageplassar frå hausten av. Frå august er det 290 snittplassar, ei auke på 16 frå august i fjor og ei auke på over 30 snittplassar frå 2016. Normalen har vore at det er ein vaksen for kvar 6. plass. Det ligg inne ei nedskjering på eit halvt årsverk i barnehagane frå januar 2019. Rådmannen meiner at dette må stå fast, men barnehagane må kompensera for auke i plassar uavhengig av dette og rår derfor til at det blir lagt inn 2,5 årsverk frå august. Kostnad for 2018 kr. 650 000. Dette vil også få budsjettkonsekvensar for 2019.

Vaksen brukar som treng ekstra ressursar. Det er år om anna brukarar av tenestene våre som treng ekstra personalressursar og som ikkje naturleg høyrer til på sjukeheimen. Kommunen har sett i gong tiltak no som vil få ei kostnad i 2018 på kr. 794 000. Dette er eit tiltak som vil få verknad for budsjettet for 2019.

Barnevern får ein nytt tiltak frå mai 2018, dette gjeld kjøp av plass i barnevernsinstitusjon. Kostnad for resten av 2018 kr. 1 200 000. Dette vil også få budsjettkonsekvensar for 2019.

Tiltak som kjem som følgje av innspel politisk:

- El-syklar: Etter eit politisk innspel blei det sett inn tiltak i handlingsprogrammet

(2.2.4.6) om at det skulle opprettast ladestasjonar for elsyklar i kommunen. I samarbeid med reiselivsnæringa håpar me no å få utplassert minimum seks syklar på tre ulike stader i kommunen. Kostnad kr. 70 000.

- Toalett: Etter eit politisk innspel blei det sett inn tiltak i handlingsprogrammet om at det skulle sikrast offentleg toalett i Suldalsosen (2.2.4.7). Det har vore kontakt med aktuelle private aktørar, men det har ikkje lukkast å få ei god ordning med desse. Framlegget er no eit lite bygg på kommunal grunn i butikkområdet. Det er drøftingar med SEV om det kan samordnast med eit behov dei har. Planlegging i 18 med endeleg bygging og finansiering tidleg i 2019. Planleggingsmidlar og oppstartsmidlar kr. 100 000.
- Skilt: Etter eit politisk innspel blei det sett inn tiltak handlingsprogrammet (2.6.3.1) om at det skulle arbeidast for å få inn «Velkomen til»-skilt til grender. I tillegg er det gjennom Ryfylke IKS lagt opp til at kommunar skal finansiera opplysningsskilt og temaskilt knytt til Nasjonal turistveg. Eit skilt kostar 20-40 000 kroner, og det blir foreslått å setta av kr. 200 000
- Arbeidstilbod til vaksne: Etter eit politisk innspel blei det sett inn tiltak i

handlingsprogrammet (1.6.3) om at rådmannen skulle søkja etablert arbeidsrelaterte aktivitetstilbod for vaksne innbyggjarar. Dette er no gjort, og behovet /bruken har auka utover i året. Det blir foreslått sett av kr. 300 000.

- Helseutgreiing: Kommunestyret ber i årsmeldingssaka om ei grundig utgreiing av helseøkonomien i kommunen. Kostnadene til kvar utgreiing som kontrollutvalet har ved slike høve ligg på rundt kr. 200 000. Me gjer framlegg om at det blir sett av kr. 100 000.
- Stirydding: Kommunestyret ber i årsmeldingssaka om at det i budsjettet blir innarbeidd kr. 50 -100 000 til skilting og utstyr til arbeid som frivilljuge gjer. Her blir det foreslått sett av kr. 50 000 inneverande år.
- Dagsenteret: I politiske drøftingar, men utan vedtak, er det teke opp at dagsenteret i Suldal bu- og aktivitetstilbod treng oppussing. Dette har også vore prioritert i teknisk drift si oversikt. No blir det bygd avlastningsbustad som skal «festast» til dagsenteret slik at det blir direkte kontakt (dør). Det må då gjerast noko med veggen som gjennomslaget skjer i, og det kan vera fornuftig å pussa opp hovudrommet i same omgang. Det blir berekna at dette kan kosta kr. 100 000.

		Kroner
	<b>Meirutgifter:</b>	
	Vikarutgifter høgare enn refusjon sjuke- og svangerskapspengar	665 000
Barnehagane	Auke i tal årsverk, barnehage	650 000
Suldal bu- og akt.	Auke i tal årsverk	794 000
Barnevern	Nytt barnevernstiltak	1 200 000
	<b>Tiltak som kjem som følgje av innspel politisk:</b>	
Rådmannen	El-syklar	70 000
Teknisk drift	Offentleg toalett Suldalsosen	100 000
Teknisk drift	Skilting	200 000
NAV	Arbeidstilbod for vaksne	300 000
Rådmannen	Helseutgreiing	100 000
Bygdeutvikling	Sti rydding	50 000
Teknisk drift	Oppussing/dør Suldal dagsenter	100 000
	<b>Meir inntekter:</b>	
Barnehagane	Brukarbetaling barnehage	-239 000



	<b>SUM netto</b>	<b>3 990 000</b>
--	------------------	------------------

## Skatt og finans

### Sal av konsesjonskraft 1. tertial (heile tusen)

År	Januar	Februar	Mars	April	Sum 1. tertial	Sum årsrekneskap	Reg. årsbudsjett
2011	5 169	4 246	4 299	2 675	16 389	27 581	17 000
2012	2 157	2 725	1 257	1 176	7 315	14 756	14 250
2013	2 561	2 202	2 751	2 549	10 063	22 015	18 900
2014	1 795	1 583	1 188	637	5 203	12 336	16 550
2015	1 845	1 505	1 144	922	5 416	8 449	10 100
2016	1 645	766	981	831	4 223	13 425	11 000
2017	2 045	1 894	1 908	1 419	7 266	17 409	11 000
2018	2 602	3 006	3 310	2 371	11 289		14 000

Nivå for 2018 ser pr. i dag ut til å bli 21,4 millionar kr. (mai – desember vert då lik som 2017). Det er budsjettert med 14 million, dvs. meir inntekt ved årsslutt om lag 7,4 millionar kr.. Inntekter utover budsjettert skal nyttast etter kommunestyrevedtak 80/14 og 130/15, og setjast av på bufferfond for konsesjonskraftinntekter. Dette kjem ein attende til i 2. tertialrapport.

### Skatt forskottspliktige og etterskotspliktige (heile tusen)

	Januar		Februar		Mars		April		Sum 1. tert.		Reg. årsbudsjett
	Skatt privat	Skatt kraft	Skatt privat	Skatt kraft	Skatt privat	Skatt kraft	Skatt privat	Skatt kraft	Skatt privat	Skatt kraft	
2013	10 302	0	2 77	22 587	14 573	-45	503	22 361	25 655	44 903	Budsj.132 000 Rekn. 129 670
2014	10 861	4	172	22 491	13 957	-161	540	22 351	25 530	44 685	Budsj.131 500 Rekn. 128 926
2015	9 941	-7	366	22 110	15 112	108	524	22 085	25 943	44 296	Budsj.133 800 Rekn. 135 306
2016	10 926	0	471	21 143	15 937	116	391	19 910	27 725	41 169	Budsj.132 800 Rekn. 140 175
2017	11 657	3	183	23 545	16 101	67	326	23 187	28 267	46 802	Budsj.137 800 Rekn. 145 761
2018	12 013	7	282	25 182	16 416	2 624	424	25 049	29 135	52 862	Budsj.140 800

Skatt privat = skatt lønnstakere (forskottspliktig). Ligg om lag 1million kr. over budsjett.

Skatt kraft = naturressursskatt = særskatt for kraftselskapa (etterskotspliktig). Ligg om lag 4 millionar kr. over budsjett.

### Rammetilskot (heile tusen)

År	Januar	Februar	Mars	April	Sum 1. tertial	Sum årsrekneskap	Reg. årsbudsjett
2013	11 969	11 969	12 861	0	36 799	98 841	96 354
2014	12 995	12 995	13 624	0	39 614	110 159	106 354
2015	12 765	12 765	14 371	0	39 901	107 715	107 375
2016	13 154	13 154	14 171	425	40 904	112 780	111 858

<b>2017</b>	13 254	13 254	14 396	0	<b>40 903</b>	112 856	111 907
<b>2018</b>	14 739	13 653	14 605	0	<b>42 997</b>		114 725

Rammetilskot 1. tertial i tråd med budsjettet.

## Eigedomsskatt

- Ny liste frå sentralskattekontoret syner at kommunen vil få 0,390 millionar kr. meir i eigedomsskatt enn budsjettert i frå Røldal-Suldal. Av desse gjeld 0,237 millionar kr. 2017.
- Sentralskattekontoret har endra fordelingsnøkkelen for kraftanlegget Sønnå Høy. Tidlegare har sentralskattekontoret berekna at ca 17,5% av anlegget ligg i Suldal kommune. Ny berekning viser at det rette talet er ca 11,5%. Det må i 1. tertial avsetjast til tap 1,4 millionar kr. for åra 2016 og 2017.
- Statnett har klaga på taksten for 2017 og 2018. Klagen er under handsaming. Det er for tidlig å konkludere korleis det vil slå ut økonomisk.

## Sosiallån

På rapporteringstidpunktet er det nytta over 70% av utlånssummen for heile året. Det er også betalt inn avdrag som er om lag kr. 100 000 meir enn budsjettert for heile året. Ein vil rå til at utlånsramma for sosiallån vert auka opp med dei kr. 100 000 som er innbetalt meir enn budsjettert for heile året.

## Næringsfondet

Budsjett 2018 kr. 3 000 000

### Vedtak fram til 01.05.2018:

Trestubben AS – støtte	kr. 150 000
Sand Sport AS – lånetilsegn	kr. 1 800 000
Erøyvik Trevare AS – lånetilsegn	kr. 900 000
Erøyvik Trevare AS – støtte	kr. 70 000
PlussDesign - støtte	kr. 50 000
Heim + Design – støtte	kr. 50 000
Alakara AS – støtte	<u>kr. 50 000</u>
Vedtak/disponert pr. 01.05.2018	<u>kr. 3 070 000</u>

I 1. tertialrapport rår ein til å auka utlånsrama med kroner 3 300 000. Desse vert finansiert med kroner 1 300 000 frå ekstra avdrag og kroner 2 000 000 frå fondskapitalen.

Då tek ein høgde for søknadsfristane 1. mai og 1.september.

## Havbruksfondet

Etter Fylkesmannen i Rogaland sin økonomidag i Stavanger i mai har ein fått signal om at Suldal kommune vil få om lag 10 mill. kr. for 2018. Havbruksfondet vert sett av frå vekst i havbruksnæringa til sjøs. Utbetalingane frå Havbruksfondet vert berekna årleg, slik at denne utbetalinga gjeld berre for dette året, og endeleg utrekning kjem ikkje før i oktober 2018.

Det vert frå KS åtvare sterkt om at ein ikkje måtte budsjettera med desse midlane som fast inntekt i det årlege budsjettet

- av di desse midlane vert berekna årleg og ikkje er ein «fast» sum.
- At departementet vil sjå på «innretninga» til Havbruksfondet (kan gi anna fordeling av midlane).

Rådmannen vil rå til at ein nyttar 5 million kr. til ekstra vedlikehald i 2018, og resterande 5 millionar kr. vert avsett til disposisjonsfond til investering.

Nokre av tiltaka er:

- Ventilasjonsanlegg Bjødnateigen
- Varmepumpe Stølane barnehage
- Oppussing leilegheit BFF 2
- Ny takteking verkstad Teknisk
- Veg Bustadkrysset og opp mot Eide  
Rehabilitering av kantstein og ny asfaltering på veg og fortau
- Reasfaltering av Fjetlandsvegen
- Ny kledning på høgdebasseng Kariåsen/Suldalsosen vassverk
- Fortsett utskifting/fornyng av kritiske VA-kummar
- Fornye gymsalgolv

#### Kort opp summert, skatt og finans:

		Kroner
	<b>Meirutgifter:</b>	
	Avsetjing til tap, eigedomsskatt	1 400 000
Teknisk drift	Ekstra vedlikehaldsmidlar	5 000 000
	Meir utlån næringsfondet	3 300 000
	Meir utlån sosial	100 000
	<b>Avsetjing til fond:</b>	
	Disposisjonsfond til investeringar	5 000 000
	<b>Meir inntekter:</b>	
	Ekstra avdrag sosiallån	-100 000
	Eigedomsskatt	-390 000
	Skatt forskottspliktige	-1 000 000
	Skatt etterskotspliktige (naturressursskatt)	-4 000 000
	Overføring frå Havbruksfondet	-10 000 000
	Ekstra avdrag Næringsfondslån	-1 300 000
	<b>Bruk av fond:</b>	
	Næringsfondet	-2 000 000
	<b>SUM netto</b>	<b>-3 990 000</b>

## Investeringar

Sjå eigen rapport og oversyn.

Grunna stort etterslep på investeringane, som gir mykje ubrukte lånemidlar (lån som er teke opp tidlegare år, men ikkje nytta) rår ein til at det **ikkje vert teke opp lån til investeringar i 2018**.

Det er motteke tilsegn om tilskot til tilrettelagt bustad kroner 3 291 000,-, noko som er kroner 1 391 000,- høgare enn kva ein har budsjettert med. Dette gir kroner 1 391 000,- i mindre bruk av lån.

## Plasseringar

Aktiva fordelt på forvaltar og klasse

Forvaltar	Marknadsverdi 01.01	Marknadsverdi 30.04	Avkastning i %	Bench- mark
<b>Bergen Capital Management</b>				
Bankinnskot aksjar	1 211 867	3 747 781		
Aksjar	19 504 785	17 726 843	3,66	4,7
Bankinnskot obligasjonar	1 340 327	2 804 795		
Obligasjonar	86 705 357	85 497 012	0,29	-0,5
<b>Sum</b>	<b>108 762 336</b>	<b>109 776 431</b>		
<b>Sparebank 1 SR-Forvaltning</b>				
Bankinnskot	318 423	383 973		
Aksjar	8 704 105	9 663 119	11,36	4,7
<b>Sum</b>	<b>9 022 528</b>	<b>10 047 092</b>		
<b>Totalt</b>	<b>117 784 864</b>	<b>119 823 523</b>	<b>1,73</b>	

### Avkastning

Gjennomsnittlig avkastning på aksjar og obligasjonar for 1. tertial 2018 var på 1,73 %. Bankavtalen har i same periode gitt ei avkastning på 0,29 %. Gjennomsnittlig avkastning i aksjar er 5,99 %, mens ein på obligasjonar har hatt ein avkastning på 0,29 %. Dette gir netto ein avkastning på om lag NOK 2 million Suldal kommune har budsjettert med 3,2 million i avkastning for året. Referanseindeksen har ein avkastning på 4,7 % for aksjar, og 0,5 % for sertifikat/obligasjonar. Samla gjev referanseindeksen ei avkastning på 0,6 %.

### Stresstest

Ein reduksjon i aksjemarknaden på – 30%, og auke i rentenivå på 2% vil medføre ein endring i verdien på NOK 9,961 million. Rente-/kurs-regulering fond er pålydande NOK 11,5 million.

### Risikorammer

Det er ingen avvik mellom risikorammer og faktisk forvaltning. Av den totale portefølje er 5,79 % plassert i bank, 71,35 % i risikoklasse 2 (sertifikat/obligasjonar), og 22,86 % i risikoklasse 5 (aksjar). Grensa er 100% for risikoklasse 2 og 50% i risikoklasse 5.

### Opptak av lån

Långjevar	Gjeld 01.01	Gjeld 30.04	Rente*	Ant lån
Husbanken	3 650 100	3 364 200	1,33	4
KLP	95 882 600	94 334 275	1,63	4
Kommunalbanken	204 091 310	199 149 840	1,64	13
<b>Totalt</b>	<b>303 624 010</b>	<b>296 848 315</b>	<b>1,63</b>	<b>21</b>

\*i gjennomsnitt pr 30.04.2018. Ingen lån har rentebinding.

Det er ikkje tatt opp nye lån i perioden. Differansen mellom gjennomsnittlig innskot i bank og låneopptak er nå negativ med NOK 98,8 mill. Ein endring på 1% i rentenivå vil redusera netto finansresultat med NOK 0,988 mill.

# Tilsyn

## **Sand barnehage**

Eininga viser til tilsyn i miljøretta helsevern. Til saman fekk eininga 17 avvik, desse var fordelte slik: Joagarden 11 og Randåsen 6. eininga har etter søknad fått utsatt frist for lukking av avvik til 30.06.18.

## **Suldal bu- og aktivitetstiltak**

Suldal bu og aktivitetstiltak hadde tilsyn frå fylkesmannen 10-12.04.18.

Tilsynet gav ingen marknad eller avvik.

Ingen nye tilsyn varsla kommande år.

## **Kultur**

Kultur har hatt tilsyn frå Arbeidstilsynet med fokus på arbeidsmiljø; arbeidsavtalar, verneombodsordning, arbeidsmiljøopplæring og samarbeid med bedriftshelseteneste.

Bakgrunnen var ei registrert auke i sjukefråveret, som skuldast ein langtidsledig.

Tilsynet gav to pålegg: laga ei rutine for

## **Sand skule**

Sand skule har fått varsel om tilsyn hausten 2018. Det er Sand skule sitt arbeid med elevane sitt utbytte av opplæringa og skulebasert vurdering det blir tilsyn på.

Skuleeigars forsvarlege system kan bli inkludert i tilsynet

26. april var det eit oppstartsmøte med

Fylkesmannen der alle lærarar på Sand skule, rektorar i kommunen, PPT og kommunalsjef deltok.

konflikthandtering og utarbeida plan for å redusera risikotilhøva i verksemda med bakgrunn i arbeidet som er lagt ned i 10-faktorundersøkinga. Arbeidet er i ferd med å kvitterast ut.

## **Teknisk drift**

Arbeidstilsynet – avvik som ikkje er lukka

- Manglar tilstrekkelig plass i utrykkingskøyretøy på Suldalsosen. Mannskap må rykke ut i privatbilar.
- Brannstasjonar ikkje tilstrekkelig utforma med tanke på garderobeforhold, ventilasjon og rein/skitten sone

Det er gitt utvida frist for plan for gjennomføring av lukking av avvika til oktober 2018 – dette på grunn av oppstart av Haugaland brann og redning IKS. Suldal kommune vil fortsatt ha ansvar for lukking av avvika som gjeld stasjonane.

# Avvik

## Heimetenesta / Bu- og omsorg

Det er meldt om avvik, både ifht HMS, prosedyrar/ rutinar og brukaroppfølging. Alle avvik er behandla og lukka.

I forhold til tiltak i handlingsprogrammet er arbeidet godt i gang. Me starta opp med førebyggjande heimebesøk til 77 åringar no i vår. Det er elles oppretta fleire ulike arbeidsgrupper ifht dei andre punkta.

## Suldal sjukeheim

Det ordinære avvikssystemet: 16 avvik, alle er lukka. 6 av desse handla om utagering frå pasient mot personal.

I journalprogrammet: 53 avvik. 28 av desse var fall, ingen med alvorlege følgjer. Det var 10 feil i dosett. Sjølv om det blei oppdaga før pasient fekk medisinen, er talet så høgt at vi vil sjå nærare på rutinane her.

## Suldal bu- og aktivitetstiltak

Det er registrert 52 avvik i perioden. 37 avvik er i hovudsak brot på rutine og skade/forsøk på skade som fks klyping.

15 avvik er alvorleg utagering mot personal som spark, slag, bitt, kasting av stein og andre gjenstandar, forsøk på å skade personal med kvasse gjenstandar, verbale truslar, øydelegging av interiør og skade på kommunal bil, og rømming frå personal. 2 av avvika førte til legebehandling. Det er sett inn tiltak, det er nå alltid 2 personal på vakt med brukar.

## Kultur

Kultur har fått meldt inn fire avvik så langt i år, som alle gjeld brot låserutinar i Suldalshallen.

## Teknisk drift

Det vert behandla avvik etter kvart som dei kjem inn.

Det vert gjennomført og dokumentert internkontrollar i IK-bygg på kommunale bygg og eigedommar, i tillegg til VA.

## Sand barnehage

Eininga viser til fleire avvik som skuldast mangel/mangel på oppfølging av interne rutinar, småskadar på barn og fleire avvik som er sendt vidare til teknisk eining. Fleire av avvika som gjeld teknisk eining er purra på fleire gonger utan at dette blir følgd opp.

## Vinjar barnehage

Eininga viser til avvik som gjeld oppfølging av interne prosedyrar og rutinar. Desse er jobba med.

I tillegg opplev eininga auka utfordring med sølvkre/skjeggkre – dette har verneombod påpeika som ei forbettringssak. Denne utfordringa blir jobba med.

Etter tilsyn frå Miljøretta helsevern i 2015 var det påpeika at golv og vegger i den eldste delen av barnhagen var slitte og hadde behov for ei oppgradering. Dette er ikkje blitt gjort, og er no ei utfordring for reinhaldarane som opplev at dei er tunge å reinhalda. Detter er per tidspunkt ikkje gjort noko med.

## Stølane barnehage

Barnehagen har fått nokon avvik som gjeld skadar/åtferd og interne rutinar. Dette er jobba med.

## Vinjar skule

Eit avvik er meldt. Dette gjeld dør som stod open ein kveld. Gjennomgang av rutine for låserunde er gjort. Det blir jobba med forståing av avvikssystemet og hensiktsmessig avviksrapportering.

### **Indre Ryfylke PPT**

Har avvik på å halda fristen for å levera dei sakkunnige vurderingane innan fristen på tre månader. Dette grunna langtidssjukemeldingar, mykje tid til opplæring og innføring av nytt fagsystem i eininga.

### **Erfjord skule**

Det er fleire avvik på skulen som gjeld fysiske handlingar og ytringar frå elevar mot tilsette.

### **Kjølvikstølen barnehage**

Eininga viser til avvik som gjeld uforsvarleg drift på dagar med høgt sjukefråvær og mangel på vikar. Eininga har og behandla avvik som gjeld manglande prosedyrar og rutinar, og har jobba vidare med dette.


I tillegg jobbar eininga med huseigar (grendahuset) med golvsifte og rapport etter synfaring på uteområdet.

## **Sjukemeldingar/Arbeidsmiljø**

Sjukefråværet totalt i 1. tertial 2018 er på 8,8%. Det er opp i frå 7,9% i frå 31.12.2017 og på same nivå som 1. tertial 2017.

- Sjukefråværet innan fellestenester er på 9,1%. Det er høgt, men utviklinga går i rett retning.
- Oppvekst sitt sjukefråvær er på 7,3%. Det har gått litt opp sida nyttår, men det ligg godt under sjukefråværet i 1. tertial 2017 (9%).
- Sjukefråværet innan «by, teknisk og kultur» har vore aukande dei siste åra. Auka ligg innan teknisk drift og reinhald.
- Helse, pleie og omsorg har eit sjukefråvær på 11,4%. Det er det høgaste sjukefråværet som dei har hatt dei siste åra.





\*Sjukefråværet har vore underrapportert med ca 0,4 prosentpoeng før 2017. Ein av fråværskodane for «sjukefråvær barn» var ikkje med i rapporten. Den er med i rapporteringa for frå og med 1. tertial 2017.

- Administrasjonen består av servicetorget, kommunekassen, løn og personale og stab
- Helse, pleie og omsorg består av sjukeheimen, heimetenesta, Suldal bu- og aktivitetstiltak og NAV.
- Oppvekst består av skule, barnehage og ppt
- Teknisk og kultur består av teknisk drift, kultur og bygdeutvikling

### Sand bu- og omsorg

Arbeidsmiljøa er gode i begge einingane. Dei tilsette ved Jelsa har vore gjennom nokre krevjande månadar, men dei er positivt innstilt og fleire ser fram til nye arbeidsplassar. Sjukefråværet skyldast helsemessige orsakar, og fleire er i tilrettelagt arbeid.

### Suldal sjukeheim

Ettervinteren var prega av mykje korttidsfråvær grunna influensaliknande sjukdom. Det er og nokre langtids-sjukemeldte, av ulike årsakar som ikkje er jobbrelatert. I tillegg er det 6 ute i morspermisjon, 4 av dei er sjukepleiarar. Særleg ved fråvær av sjukepleiarar har det ikkje vært same kompetanse inne som vikar.

Arbeidsmiljøet er for ein stor del bra, men Det har vært vanskeleg å skaffe nok kompetanse på jobb denne vinteren, og det har vært fleire ekstra utfordrande oppgåver.

### Suldal bu- og aktivitetstiltak

Området har fleire langtidssjukemeldingar, ingen sjukemeldingar er knytta til arbeid eller arbeidsmiljø. Det blir tilrettelagt for å kunne delta i arbeid så langt det er mogleg. Personalet melder generelt om eit godt arbeidsmiljø på dei ulike arbeidsstadane. I den delen av området med mange avvikande hendingar som har gitt personlet store påkjenningar/utfordringar ift. tryggleik og kjensler, er det sett inn dobbel bemanning for å trygge personalet og for å unngå sjukefråvær grunna dette, og for å behalda personal og vikarar.

### Teknisk drift

Det har kome fleire sjukemeldingar i løpet av vinteren, i tillegg til ei langtidsjukemelding. Me jobbar med oppfølging av dei som vert

sjukemeldte, og fleire var delvis i jobb i sjukemeldingsperioden. Innan reinhald har de vore nedgang over tid. Det vert kjøpt inn nytt utstyr for å kunne lette arbeidet og redusere belastninga. Til rettelegging og tilpassing av arbeidet til den enkelte viser også igjen.

### **Nesflaten oppvekstsenter**

Eininga har den siste tida jobba mykje med arbeidsmiljøet. Dei ser på det som eit naudsynt arbeid, med fokus på tilbakemeldingskultur og *kva eg sjølv kan gjera for at dei andre skal oppleve meg som ein god kollega*.

Dette arbeidet synes eininga at dei har lukkast godt med, og som dei vil halde fokus på framover. I mai var dei på felles, vellukka personaltur (barnehage, skule, reinhaldar og vaktmeister).

Einingsleiar har hatt samarbeidsmøte med tillitsvalde og verneombod, og jobbar med ein betre struktur for komande barnehage- og skuleår.

Eininga viser til eit sjukefråvær på 5,3% som i hovudsak er relatert til svangerskap. Sjukefråværet er ikkje arbeidsrelatert.

### **Jelsa oppvekstsenter**

Eininga viser til medarbeidersamtalar som syner at dei tilsette trivst godt på jobb. Fleire tek fram at det er ein kultur med rom for å feila, og der ein støttar kvarandre for å yta best mogleg.

Eininga viser til eit sjukefråvær på 1,2%, dette skuldast eigenmeldingar, og ein periode med influensa.

### **Stølane barnehage**

Eininga viser til fokus på arbeidsmiljø i personalmøta og seier at dei brukar tid på tilbakemeldingskultur og å snakka godt om kvarandre.

Eininga viser til eit sjukefråvær på 5,1%. Dette skuldast blant anna kronisk sjukdom og lengre sjukefråvær (over 16 dagar).

### **Vinjar barnehage**

Eininga viser til fokus på arbeidsmiljø i personalgruppa samt i lag med verneombod og hovudtillitsvalde.

Eininga viser til eit sjukefråvær på 5,5%, som i hovudsak skuldast sjukemeldingar og som ikkje er arbeidsrelaterte.

### **Sand barnehage**

Eininga viser til fokus på arbeidsmiljø i kvart personalmøte, og jobbar bevisst med interne kartleggingar. Arbeidsmiljø er og fokus i samarbeidsmøter med verneombod og hovudtillitsvalde.

Eininga viser til eit sjukefråvær på 10,9%, denne har gått ned frå 11,9% ved 1. terial i fjord. Sjukefråværet skuldast mellom anna kroniske sjukdommar, svangerskapsrelatert fråvær og lang influensaperiode.

### **Sand skule**

Sand skule har eit sjukefråvær på 6%. Plasstillitsvald, verneombod og rektor har eit pågåande arbeid for å få ned sjukefråværet. Spørsmål som kva toler vi, kva er tilrettelegging og kva informasjon som skal delast blir drøfta. Gjennom medarbeidersamtalar kjem det fram at arbeidsmiljøet er bra. Folk trivst på jobb og ein har det godt saman.

### **Erfjord skule**

Erfjord skule har i denne perioden eit sjukefråvær på 16 %. Dei fleste sjukemeldingane er ikkje arbeidsrelaterte. Den ekstra belastninga som vert att på dei som er på jobb merkast. Skulen

har ikkje fått kvalifiserte lærarar til å dekkje inn dei som har vore sjukemelde.

oppfølging vidare, som blant anna førstehjelpskurs for dei tilsette.

### **Gullingen leirskule**

Samla sjukefråvær er på 9 dagar, eller 2,7%. Ingen langtids-sjukemeldingar.

### **Vinjar skule**

Har noko langtidssjukemelding. Har gjort tiltak for å tilretteleggje arbeidssituasjonen for langtidssjukemelde.

### **Marvik skule**

Det har i denne perioden vore lite sjukefråvær og eininga melder om eit godt arbeidsmiljø.

### **Kjølvikstølen barnehage**

Eininga jobbar bevisst med arbeidsmiljø på personalmøter og i avdelingsmøter. Dei melder om eit godt arbeidsmiljø og eit stabilt og engasjert personale. Einingsleiar har møter med verneombod og tillitsvald i fagforbundet. Det er eit mål for eininga å samarbeida meir med Utdanningsforbundet.

Eininga viser til eit sjukefråvær på 12,9%. Det er ei auking sidan i fjor. Dette skuldast både langtidsfråvær og korttidsfråvær.

Medarbeidarsamtalar viser at sjukefråværet ikkje er arbeidsrelatert. Det er utfordrande å dekkja opp bemanning med vikar, då det er vanskeleg å få tak i vikarar, spesielt på onsdagar.

### **Indre Ryfylke PPT**

Sjukefråværet ligg på 8,6 %. Tenesta har to langtidssjukemeldingar på til saman 130%. Desse er ikkje arbeidsrelaterte. Ein arbeidstakar blir følgd opp med samtalar med leiar. Oppfølgingsplan er utarbeidd.

Alle dei tilsette har gjennomført kurs i stressmeistring, gjennomført av bedriftshelsetenesta. Leiar har i tillegg gjennomført ein samtale med bedriftshelsetenesta og gjort avtalar om